


ÅRSMELDING 2015

FOR KRISTKYRKJA PÅ STORD

[Skriv inn sammendraget av dokumentet her. Sammendraget er vanligvis en kort oppsummering av innholdet i dokumentet. Skriv inn sammendraget av dokumentet her. Sammendraget er vanligvis en kort oppsummering av innholdet i dokumentet.]

KYRKJELYDSRÅDET

03.02.2016



ÅRSMELDING 2015

FOR KRISTKYRKJA PÅ STORD

MEDLEMSUTVIKLING

Dette året har me hatt tydeleg nedgang i medlemstalet. 9 vaksne har meldt seg ut. Saman med dei 9 barn, altså totalt 18 medlemmer. Dei fleste utmelde er personar som har flytta frå Stord for lenge sidan, og som har hatt liten kontakt med kyrkjelyden, så dette er nok starten på ein nødvendig nedregulering av medlemstalet.

Per 31.12. 2015 er har Kristkyrkja på Stord 97 støtteberettiga medlemmer.

GENERELT INNTRYKK

Kristkyrkja på Stord er ein kjempande kyrkjelyd. Me har i 2015 kjent på smerte og tap, og har så visst ikkje fått noko gratis. Fleire medlemmer har mykje å stri med, og det har prega liva våre dette året. I ein liten kyrkjelyd som vår, merkast det godt når tunge slag rårar medlemmer.

Dersom me skal seia noko om det kristne engasjementet i kyrkjelyden, er dette naturleg nok svært variabelt, men me har alle god grunn til å be Gud om å blåsa liv i åndelege glør og næra sin flamme i oss og styrka fellesskapet slik at me liknar noko meir på den første kyrkja me les om i Apostelgjerningane. Det er DER me finn det mønsteret me måler oss etter.

Midt i dette er det framleis mykje tru og kjærleik i flokken, og me opplever at det i leiarskapet er mykje håp og ein klår vilje til å halda fram med drifta. Det Gud har kalla oss til har me enno ikkje sett oppfylt.

Det er på plussida også grunn til å nemna at me ser at barna i kyrkjelyden veks i nåde og kjennskap til Jesus. Dei har glede av å gå på gudstenestene, og har eit tydeleg eigarskap til det som skjer der.

Før sommarferien flytta me inn i nyoppussa lokaler på Bjelland. Det er fint for oss å ha vårt eige. Men lokalet er etter måten lite, og det er få rom. Dette må bli ei mellombels løysing.

Parallelt med dette har me sett ei eventyrleg gjevarglede i flokken. I fjor presenterte me eit rekneskap med stort underskot på drifta. I år har me snudd dette til overskot (då ser me bort frå investeringane i kyrkjebygget). Det er ikkje mindre enn imponerende, og me berre undrar oss og ber om Guds signing over alle som ofrar og satsar. Det reflekterer tru.

Og så er det ei stor glede for oss å sjå at det ekumeniske fellesskapet mellom kyrkjelydane i Stord har teke seg opp i 2015. Det gjev godt håp.

GUDSTENESTER

Som vanleg har me feira gudsteneste kvar søndag frå august til juni. Ein søndag i månaden har vore såkalla «frisøndag».

Vårhalvåret talte me i all hovudsak rundt emnet GODHET, dette for å gje folk ein god basis og motivasjon med tanke på Godhetsveka som me gjennomførte saman med mange andre kyrkjelydar i juni.

Hausten 2015 konsentrerte me oss om emnet «Helbredelse». Målet med dette har vore å leggja ein grunnvoll for å etablera «helbredelsesrom» i kyrkja som etter planen i første omgang skal vera ope ein laurdag i månaden.

Talarar dette året: Jens Thoresen, Marit Helene Aas, Knut Arve Nordfonn, Gro Jansson og Jørn Rune Reinertsen

ØKONOMI

I 2015 har me hatt ekstern rekneskapsføring. Men Øyvind Sjursen har betalt rekningar og hatt tilsyn med den økonomiske utviklinga i kyrkjelyden. Me er svært glade for at han tok på seg denne jobben. No takkar han av, og Jørn Rune Reinertsen tek over. Me takkar Øyvind varmt for solid arbeid med økonomien.

BARN

Alle gudstenestene har hatt fokus på barn, enten ved at me har hatt *familiegudstenester*, eller ved at gudstenestene har starta med søndagsskule.

Også dette året hadde me julespel med barn i hovudrollane, eit konsept som barna likar å vera med på, og det blir alltid bra. Slik også i år.

Det er blitt lagt mykje godt og kreativt arbeid ned i barnearbeidet, og dei som har gjeve sitt beste her er Annbjørg Notland Reinertsen, Knut Arve Nordfonn, Jens Thoresen, Åsmund Hellesøy og Marit Helene Aas.

LOVSONG

Lovsungen er Guds barns fremste og viktigaste uttrykk, både vårt gjensvar på Guds godleik og store generøsitet, og hans gåve til oss. Lovsungen i hjarte og munn kjem frå Gud og går til Gud. Ingvild Nordfonn, Knut Arve Nordfonn og Marit Helene Aas står trufast i tenesta som lovsongsleiarar søndag etter søndag. Det er eit stort privilegium for kyrkjelyden å ha slike medarbeidarar.

STYR OG STELL

Kyrkjelyden er i det daglege styrt av Kyrkjelydsrådet. Medlemmene der har dette året vore Jens Thoresen, Tove Thoresen, Knut Arve Nordfonn, Ingvild Nordfonn, Marie Notland, Jørn Rune Reinertsen, Øyvind Sjursen, Marit Helene Aas og Inger Liv Nordfonn. Inger Liv vart dessverre alvorleg sjuk i sommar, og har etter den tid ikkje vore ein del av rådet.

Me har vore samla annankvar tysdag. Samarbeidet har vore strålende. Dette er ein gjeng som ror i same retning i storm som i stille. Her er det mykje visdom og ærleg engasjement for Jesus og hans store sak i verda.

TEKNISKE TENESTER

Jørn Rune Reinertsen og Annbjørg Notland Reinertsen har gjort ein formidabel jobb bak spakane, administret lydanlegg og styrt lyd heile året. Me er alle glade for den jobben

som deig jer. Nokre søndagar har Øyvind Sjørnsen assistert som ”lydmann”. Han har vel vore ein samarbeidspartner på dette området elles også.

GRUPPER

I vårhalvåret hadde me to grupper i funksjon. Jens Thoresen leida ei disippelgruppe og Knut Arve Nordfonn ei ungdomsgruppe. Etter sommarferien har Jens Thoresen overteke ansvaret for ungdomsgruppa, og så har me oppretta ei kvinnegruppe og ei mannsgruppe som har samlast annankvar veke til samtale, bøn, lovsong, fellesskap og mat. Marie Notland har ansvaret for kvinnagrappa og Knut Arve Nordfonn for mannsgruppa. Dette er enno i startfasten og kan bli veldig bra.

KONFERANSAR

16.-18. januar hadde me vårt årlege besøk av **Eivind Frøen**. Denne gongen måtte me som ei naudløysing ta i bruk auditoriet på Stord ungdomsskule. Ikkje optimalt, men helga vart som vanleg av det gode merke når det gjeld forkynning og fellesskap. Eivind Frøen er høgt skatta hos oss, ein mann me gjerne lyttar til.

21.-23 august hadde me, saman med Stord Bibelsenter og Frie vener, møtehelg med **Erik Jensen** frå Asia Link. Temaet hans var «Evolusjon eller skaping», og ikkje overraskande slo han eit slag for Skapinga. Undervisninga var grundig og djuptpløyande. Det var bra med folk på møtene, og gudstenesta på søndag var svært godt besøkt.

10.oktober var me så heldige å få ein heil dag saman med amerikanske **Dennis Balcombe**, misjonær og misjonsstrateg, mannen som i stor grad har gjeve retning til den enorme vekkjinga som i dag skyller over det veldige Kina. Det var uforgløyemelege timar me fekk saman med denne åndsfulle og audmjuke mannen. Her fekk me innsikt i kinesisk språk og kultur som ingen andre kunne gje oss enn han. Eirik Jensen var med og tolka.

BØN

Dersom ikkje bøna er det berande i ein kyrkjelyd, går han til grunne. Ingenting i Guds rike kan bli ståande dersom Guds barn ikkje prioriterer bøn **FRAMFOR ALLE TING** (1.Tim. 2,1-4), og frå den første kristne tid har bøn og faste børe Guds rike og Guds kyrkje framover. Alt som me ser av nederlag og manglande framgang og visjonar i Guds rike kan sporast attende til manglar på dette området. I Apostelgjeringane er felles bøn i kyrkjelyden eit framtrekande trekk (kap 4, 12 og 13)

I Kristkyrkja har me mykje å gå på med tanke på å bli ein kyrkjelyd som er på plass når det gjeld felles bøn, men denne hausten har me hatt som mål å samlast to ettermiddagar i veka frå 17 til 18, og det målet er delvis nådd. Elles har me hatt bønesamlingar i forkant av kvar gudsteneste.

Det har vore ei kjerne på 2-5 medlemmer som har møtt på desse bønesamlingane.

Hausten 2015 hadde me elles **EKUMENISKE BØNEKVELDAR** ein kveld i månaden saman med Den Frie Evangeliske Forsamlinga og Stord Bibelsenter. Oppmøte på desse kveldane var svært variabelt, men innhaldet i kveldane har tidvis vore svært sterkt og godt. Desse ekumeniske bønesamlingane vil nok syna seg å vera viktige med tanke på framtida for Guds rike på Stord.

KVINNHERRAD

Dette året har det berre vorte eit par turar til medlemmene våre i Kvinnherad. Begge på våren. Det kjennest ikkje bra at det er så langt mellom kvart besøk.

WEEKEND PÅ SOLGRY

29.-31. mai var kyrkjelyden på sin årlege weekend på Solgry. Det var gode dagar for oss alle. Ole Henry Halleraker var med som hovudforkynnar for dei vaksne og hadde tale fredag kveld og laurdag kveld. Laurdag føremiddag hadde me drama om då Paulus og Silas mirakuløst vart fridd ut av fengsel og Filippi, og søndags føremiddag talte Jens Thoresen illustrativt om kva som hende første pinsedagen. Elles var det fotballturnering, go-cartkøyring, minigolf og mangt anna. Lovsongsteamet samt Tone Hellesøy Reinertsen hadde ansvaret for lovsongen. Elles framførte Linn Elise, Louise Nordfonn og Anna Naomi Reinertsen eigenprodusert dans.

GODHET

1.-5. juni gjennomførte me Godhet 2015 saman med Stord kyrkje, Stord Bibelsenter og Horneland indremisjon.

I forkant hadde me hatt ein inspirasjonsdag laurdag 15 februar på Horneland bedehus.

Godhet 2015 vart ein suksess. 25 personar gjennomførte omtrent like mange oppdrag. Me rydda i hagar, vaska hus utvendig og innvendig, malte hus, bygde terrasse og mangt anna. Folk var takksame og glade for at me kom og hjalp dei med ting som dei ikkje såg seg i stand til å få gjort sjølve.

Godhet vart også gjennomført på Halsnøy, og i den samanhengen var Marit Helene Aas, soknediakon Lisbeth Nygård og Jens Thoresen og besøkte indermisjonsforsamlinga Bethel i April og fekk inspirera dei til innsats.

Den 23.-24 oktober var Ingvild Nordfonn, Marit Helene Aas, Annbjørg Reinertsen, Tove Thoresen og Jens Thoresen på Godhetskonsferansen i IMI med tanke på Godhet 2016. Det var inspirerande for dei alle fem å lytta til undervisning, vera med i lovsong og ta del i fellesskap med gode kristne søsken.

DEN HIMMELSKE MANN

Den 11.februar hadde me besøk av «den himmelske mann», Eirik Jensen og broder Ren. Det var eit arrangement felles for oss, Stord Bibelsenter, Frie Evangeliske og Stord indremisjon. Me fylte Leirvik bedehus, og fekk lytta til undervisning som løfta perspektivet vårt ut over våre det kvardagslege. Denne gongen var det vel særleg vitnemålet til broder Ren som begeistra.

AGENDA 1

Dette vart vårt siste år innanfor Agenda 1 utviklingsprogram. Det har vore til stor glede for oss, sjølv om me enno ikkje kan sjå dei store resultata av at me har vore med. Men Agenda 1 handlar strengt tatt ikkje om kyrkjelyden, men om dei som står utanfor trua og kyrkjelyden. Det er berre eit poeng med kyrkjevekst dersom dette avspeglar at Guds velsigning har nådd fram til ”fortapte får”, og det kan ha gjort også utan at me ser kyrkjevekst.

DÅP

11. november vart vesle Amund Sundfør døypt, og etterpå var det stor fest der alle i kyrkjelyden var invitert. Det vart ein minneverdig dag for oss alle.

FAKKELTOG

Tysdag 27. oktober arrangerte me, saman med Frelsesarmeen, Stord kyrkje, Horneland indremisjon, Kristent Fellesskap, Den Frie Evangeliske Forsamling og Nytt Liv det årwise fakkeltog for verdas forfølgde kristne. Over 200 menneske gjekk i tog, og i kyrkja etterpå samla me over 250. Rune Larsen, Terje Kleppe og Thea Elisabeth Hovet var årets gjester. Hovet heldt appell på torget, Larsen talte i kyrkja og Terje Kleppe spelte og akkompagnerte. Det vart sagt etterpå at arrangementet dette året var det beste folk hadde vore med på sidan fakkeltoga starta for fem år sidan. Det er rett i denne samanhengen å framheva Kristkyrkja si sentrale rolle i å få til desse arrangementa.

EVANGELISERING

I laupet av året var me 4-5 gongar på torget nattetid mellom laurdag og søndag, og ein laurdag på dagtid. Me får seia at direkte evangelisering har vore nedprioritert i høve til behovet for evangeliet der ute blant vanlege folk.

BETHEL CHURCH

Første veka i november reiste Tove og Jens Thoresen, Marit Helene Aas og Marie Notland til Bethel Church, Redding, California på Leaders Advance. Det vart ei stor oppleving for alle fire. Det dei såg og opplevde der gjorde eit mektig inntrykk.

Jens Thoresen

Tove Thoresen

Marie Notland

Jørn Rune Reinertsen

Ingvild Nordfonn

Marit Helene Aas

Knut Arve Nordfonn

Øyvind Sjursen